



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1952 - 15/22009

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

12.06.2015

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet

11.06.15

Desse møtte:

Foreldra: Erik Nilsen, Malin Møvik

Elevane: Mathias Tønnessen

Lindås Kommune: Hilde Kvingedal

Lærarane: Ingrid Danielsen

Andre tilsette: Anny Wiig

Rektor: Arne Riisnes

Forfall:

Foreldra: Inger Hilde Fykse, Hege Torkildsen

Elevane: Andreas Totlandsdal, Solveig Kvamme

Lindås Kommune: Nina S. Øvreås

Lærarane: Unni Beate Solberg-Mortensen

Sak: 17 / 2014 - 15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjende utan merknader

Sak: 18 / 2014 - 15: Årsevaluering

SU / SMU drøfta kva saker dei har jobba med og moglege resultat siste året og konkluderte med at organet vidtgående framstår som eit orienteringsforum og ein respondent på høyringar og saker frå sentralt hald i kommunen. Framover er det viktig for SU / SMU å fremje saker av interesse for skulen, elevane og miljøet på Ostereidet. SU / SMU meiner og at det er ynskjeleg at skulen orienterer om kva målet er med SU / SMU. Det vil spore til innsats og engasjement. SMU / SU sine saker bør liggje på skulen si heimeside der også FAU sine saker må vere. SMU / SU ber også skulen kurse medlemmene i oppdraget og arbeidsmåtar for råda.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Vedtak: SU ber skulen skipe til kurs og orientere det nye SU / SMU om oppdraget og handlingsrommet SU / SMU har.

Sak: 19 / 2014 - 15: Vurdering av mobilforbodet

Mathias Tønnessen gjorde kort greie si oppfatning av korleis mobilforbodet hadde verka. Sjølv om ikkje alle respekterer forbodet, har det vorte meir sosialt i friminutta. SU / SMU sa seg nøgd med dette og slo fast at tiltaket hadde verka etter hensikten.

Vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning.

Sak: 20 / 2014 - 15: Utearealet og aktivitetar ute

Utearealsgruppa hadde utarbeidd ei utskrift frå ei av sakene på førre møte som vart referert. (Denne ligg ved referatet). SU er glade for det arbeidet som er gjort og håper gruppa vil jobbe vidare med prosjekt i uteområdet.

Idear frå SU: buldrevegg/klatrevegg, slengballstativ, frisbeegolf, trampoliner. Det vart også orientert om grusbana og manglande vedlikehald der.

Vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning og ber skulen ta opp saka med Eigedom med sikte på å rette opp feil og manglar. Elevane må fremje sitt syn og kome med ynskje via elevrådet.

Sak: 21 / 2014 - 15: Orientering frå skulen

1. Lærebøker og undervisningsmateriell

Skulen er bra utstyrt med lærebøker og materiell. Det vil likevel bli supplert i norsk.

2. Vedlikehald av bygget

Utvendig er skulebygget svært godt vedlikehalde. Innvendig er det etter kvart eit stort etterslep av manglande vedlikehald og synkande standard. I hovudsak er det tale om maling av vegger som er malingslitne. Eigedom har ikkje vore villig til å sleppe skulen / elevane til med å gjere vedlikehaldsarbeid eller halde maling eller utstyr.

3. Store vedlikehaldstiltak

Den største oppussingsjobben er å male musikkrommet. Dette har det vore arbeidd med i 2 år no utan framgang.

4. Arbeidslivsfaget ALF

Mange elevar vel ALF i staden for språkleg fordjuping (tysk eller fransk). Elevane trivst godt i faget og det verkar motiverande på dei. I år har dei også hatt eksamen i faget.

Hos oss er ALF delt i to: Handverksfag og mat og restaurantfag. Både gutar og jenter vel faget. Frametter kan faget verte reorganisert til å femne om andre fag/ tema.

5. MSO

Dei siste 10 åra har medisinarstudentane sin seksualopplysning halde ein dags kurs / seminar for elevane i dette temaet. Skulen meiner ein har gode erfaringar med dette. SMU støtta dette synet. Berre eitt år har det vore snakk om at helsesøster kunne vere bra å ha med på dette.

6. Helseteam og ressursteam

For å sikre at ingen elev skal gå gjennom skulen og ikkje ha det godt utan å bli lagt merke til, har skulen sett ned desse tverrfaglege teama. Helseteamet ser på heile mennesket ressursteamet mest på læring og støtte. Medlemmer er helsesøster, kontaktlærer, rådgjevar og rektor.

7. Nedskjæringar

Skulen har fått reduserte løyvingar for andre året på rad. Medarbeidarar må slutte / flytte. Skulen har hatt god ressurstilgang før, no er det merkbart mindre. Særleg rammar dette spesialundervisninga eller tilpassa opplæring (TPO), men også gruppedeling, valfag og tilvalsfag. Skulen fryktar at det no er så få att (12 lærarar og 3 assistentar) at fråvere kan skape vanskar med å skaffe vikarar og oppretthalde forsvarleg drift. Skulen er i permanent dialog med kommuneleddet om situasjonen.

8. Utviklingsarbeid

Skulen deltek i pulje 2 i UDIR si satsing: Ungdomsstrinn i utvikling (UiU). Fokus er klasseleiing. Det er to ressurs lærarar og rektor som har lokalt ansvar for framdrifta. Satsinga kjem til å vare ved i første omgang ut skuleåret 2015 - 16.

Vedtak: SU tek orienteringa til etterretning

Ostereidet, 11.06.15

Mathias R Tønnesen, leiar SU

Arne Riisnes, rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Medlemer og varamedlemer